



## **RUSPOLITISK HANDLINGSPLAN 2014-2016**

**Vedteken i kommunestyret 17.desember 2013**

## INNHALD

<b>1</b>	<b>INNLEIING</b> .....	<b>3</b>
<b>2</b>	<b>ARBEID MED PLANEN</b> .....	<b>4</b>
<b>3</b>	<b>RAMMER FOR PLANARBEIDET</b> .....	<b>4</b>
3.1	LOV OM OMSETTING AV ALKOHOLHOLDIG DRIKK M.V. ....	4
3.2	LOV OM KOMMUNALE HELSE OG OMSORGSTENESTER.....	4
3.3	PLANAR .....	5
<b>4</b>	<b>BESKRIVING AV NOSITUASJON</b> .....	<b>5</b>
4.1	RUSMIDDELSITUASJONEN I NØREG .....	5
4.2	RUSMIDDELSITUASJONEN I SKODJE .....	6
4.3	OVERSIKT OVER SAL AV ALKOHOL I KOMMUNEN .....	7
<b>5</b>	<b>EVALUERING AV GJELDANDE PLAN</b> .....	<b>8</b>
<b>6</b>	<b>OPPFØLGING OG REHABILITERING AV RUSMISBRUKARAR</b> .....	<b>8</b>
<b>7</b>	<b>MÅL OG STRATEGIAR</b> .....	<b>8</b>
<b>8</b>	<b>TILTAK</b> .....	<b>9</b>
8.1	REGULERING AV SAL AV ALKOHOL – HÅNDHEVING AV ALKOHOLLOVA .....	9
8.2	TEMAPLANEN SITT INNSPEL TIL BUDSJETT OG ØKONOMIPLANPROSESS .....	12
<b>9</b>	<b>KJELDER</b> .....	<b>14</b>

## 1 INNLEIING

---

«Rusmiddel» er berre eit av mange samleomgrep for ulike sansepåverkannde stoff. Alkohol, narkotika og ulike legemiddel er tradisjonelle rusmiddel. I seinare tid er begrepet utvida til også å omfatte doping og pengespel som avhengigheitskapande «rusmiddel».

I Noreg er det forbod mot å innføre, omsette, oppbevare og bruke narkotika. All bruk av narkotika er med andre ord ulovleg.

Alkohol, legemiddel, doping og pengespel er lovleg å ruse seg på for dei over 18 år, men kan ikkje nyttast i alle samanhengar (t.d. i trafikken, ved idrettskonkurransar). Kva tid bruken går over til misbruk er omdiskutert men ein definisjon på avhengigheit er når «rusmiddelbruken er blitt så sentral at den verker øydeleggande på resten av livet.» (Helge Waal, professor i Psykiatri)  
Rusmiddelbruk er nært bunde saman med kultur og sosiale normer i eit samfunn. Kva som er akseptert og sett på som normal bruk/ misbruk vil variere frå land til land, og mellom ulike sosiale grupper i eit samfunn.

Rusmiddelproblema er samansette. Brei førebygging og tverrfagleg samarbeid er difor nødvendig for å minske misbruk, og redusere følgjene dette misbruket kan få for individ, familiar, arbeidsplassar og samfunnet.

Alkohol ser ut til å vere inngangsporten til bruk av andre rusmiddel.

Det er i hovudsak tre aspekt ved alkoholforbruket som er interessante: totalforbruket, kor mange som drikk og drikkemønster. Desto høgare gjennomsnittleg forbruk i heile befolkninga, desto fleire storforbrukarar, og desto større omfang av skader. Vidare vert skadeomfanget påverka av kor stor del av befolkninga som drikk, og på kva slags måte det blir drukke. Dette viser at eit heilt sentralt mål for førebygging må vere å redusere det totale forbruket av alkohol i samfunnet.

Nyare forskning (Nesvåg, 2005) viser at 30 % av korttids- og 15 % av langtidsfråveret skuldast alkohol, direkte eller indirekte. På toppen av dette kjem fråveret grunna misbruk av medikament og andre narkotiske stoffer. Rusmisbruk er rekna å koste samfunnet 18 milliardar kvart år.

Over 90 % av den vaksne befolkninga i Noreg drikk alkohol. Bruk av alkohol assosierast i stor grad med nyting og dei fleste har eit ikkje-problematisk forbruk. Likevel er alkohol det rusmiddelet som forårsakar mest skade og vurderast som den tredje viktigaste årsaka til tidleg død og uførheit i verda.

Sjølv om vi dei seinare åra har sett ein auke i alkoholkonsumet, er det norske alkoholforbruket lågt i europeisk målestokk. Ei viktig forklaring på dette er langvarig vektlegging av de regulerande verkemidla i alkoholpolitikken. Målet for norsk alkoholpolitikk er å redusere dei samfunnsmessige og individuelle skadane som bruk av alkohol kan medføre.

Kvifor skal Skodje kommune ha ein ruspolitisk handlingsplan?

Etter alkohollova er kommunane pålagt å utarbeide ein alkoholpolitisk handlingsplan. Kommunane blir oppmoda til å lage ein heilskapleg rusmiddelpolitisk plan der alle ansvarsområde innan rus blir sett på i ein samheng. Alle kommunar har ansvar for å utforme tiltak for å redusere negative konsekvensar av rusmiddelbruk.

Skodje kommune har ulike roller som skal ivaretakast i planen. Kommunen er arbeidsgjevar, tenesteytar og samfunnsutviklar med stort ansvar for folkehelsa. Det er eit dilemma for alle kommunar å balansere lokal næringspolitikk og ein heilskapleg rusmiddelpolitikk. Alkohol er eit lovleg rusmiddel som skapar gode inntekter til både næringsdrivande og frivillige lag, samtidig som den utgjør en alvorleg trussel for folkehelsa. Ansvar for det rusførebyggande arbeidet er i stor grad lagt til kommunane. Systematikk, forankring og langsiktige mål er viktige suksessfaktorar for å nå målet om å redusere dei samfunnsmessige konsekvensane av rusmisbruk. Det krev god planlegging og bruk av anerkjente planverkty. Tiltak for å førebyggje rusmisbruk vil og verke førebyggjande på andre områder. Planen i seg sjølv er med på å bevisstgjere Skodje kommune om det folkehelseansvaret vi har.

Kommunestyret vedtok kommunal planstrategi for perioden 2012-2016. Rullering av ruspolitisk handlingsplan er prioritert i 2013. Planprogram for arbeidet med Ruspolitisk handlingsplan vart fastsett i møte 18.06.2013.

---

## **2 ARBEID MED PLANEN**

---

Ved utarbeiding av Ruspolitisk handlingsplan 2011-2012 blei det lagt opp til stor grad av medverknad, og det er difor ønskeleg at denne rulleringa no vert av eit mindre omfang.

Utarbeiding av planen har skjedd i ei arbeidsgruppe, med drøfting i ei breitt samansett referansegruppe.

Planen blir lagt ut til høyring og sendt til statlege og fylkeskommunale etatar, utsalsstadar, lag og organisasjonar osv. med ein frist på uttale på fire veker. Innspel til plan skal takast med i plandokumentet før den sendes til Skodje kommunestyre for vedtak.

Arbeidsgruppa er samansett slik: Tor Helge Stavdal (Personalsjef), Regine Bruteig (SLT-koordinator), Lidvar Giskeødegård (Politikar) og Malin Piegsa (Folkehelsekoordinator).

Referansegruppa er samansett av representantar frå kommunale einingar, politi, lag og organisasjonar i samsvar med planprogrammet punkt 7.1.

---

## **3 RAMMER FOR PLANARBEIDET**

---

### **3.1 Lov om omsetting av alkoholholdig drikk m.v.**

Alkoholova (1990) er den lova kommunen må halde seg til ved regulering av sal av alkohol. Alkoholoven har som mål at dei samfunnsmessige og individuelle skadane som alkoholbruk kan innebere blir i størst mulig utstrekning redusert.

### **3.2 Lov om Kommunale Helse og omsorgstenester**

Helse- og omsorgstenestelova, 2012, som har som formål å:

- 1) førebygge, behandle og leggje til rette for meistring av sjukdom, skade, liding og nedsett funksjonsevne.
- 2) fremme sosial tryggleik, betre levevilkåra for vanskeligstilte, medverke til likeverd og likestilling og førebygge sosiale problem.
- 3) sikre at den einskilde får mulegheit til å leve og bu sjølvstendig og til å ha eit aktivt og meiningsfylt tilvære i fellesskap med andre.
- 4) sikre tenestetilbodet sin kvalitet og eit likeverdig pasienttilbod.
- 5) sikre samhandling og at tenestetilbodet blir tilgjengeleg for pasient og brukar, samt sikra at tilbodet er tilpassa den einskilde sine behov.
- 6) sikre at tenestetilbodet blir lagt til rette med respekt for den enkeltes integritet og verdigheit
- 7) medverke til at ressursane utnyttast best mogleg

I lova sin § 3-1 står det at kommunen sitt ansvar omfattar alle pasient- og brukargrupper, og at ansvaret innebere ei plikt til å planlegge, gjennomføre, evaluere og korrigere verksemda.

### 3.3 Planar

Kommuneplanen sin samfunnsdel (2007-2017) har følgjande overordna mål for all tenesteyting i kommunen:

*”Tenestene i Skodje skal bidra til å skape eit trygt og utviklande oppvekst og bumiljø, der alle kjenner ansvar for seg sjølv og andre.*

*Vi ønskjer å utvikle eit fleirkulturelt fellesskap som er basert på tryggleik, tilhøyregheit og eigen aktivitet.*

*Barn og unge skal vekse opp i trygge omgjevnader som stimulerer dei til sjølvstendige individ, og samtidig styrker deira identitet.*

*Ein skal tilby framtidsretta tenester med høg kvalitet av personale med høg kompetanse, slik at innbyggjarane har tilgang på eit likeverdig tilbod, og at dei kjenner seg trygge på at deira rettar vert teke vare på.”*

Kommunen sin Bustadsosiale handlingsplan, Barne og ungdomsplan og overordna HMS-plan inneheld og tema som supplerer ruspolitisk handlingsplan.

---

## 4 BESKRIVING AV NOSITUASJON

---

### 4.1 Rusmiddelsituasjonen i Noreg

#### Alkohol:

Dersom vi ser på aldersgruppa 19-20 år, så har gjennomsnittleg årleg alkoholforbruk auka frå 3,98 liter/år rein alkohol i 1994 til 6,24 liter/år i 2008 (SIRUS - Statens Institutt for Rusmiddelforskning). I tillegg kjem uregistrert alkohol i form av heimelaga vin, øl og brennevin samt importerte varer i forbindelse med utanlandsreiser.

Nye generasjonar drikker meir enn dei føregåande. Det nordiske drikkemønsteret med helgefyll blir oppretthaldt samtidig som ein drikk meir på kvardagar, m.a. i samband med mat og ved kulturelle hendingar (kontinentale vanar). Ein veksande middelklasse med god økonomi bidreg og til auka alkoholsal. Alkohol er blitt billigare i Noreg dei siste åra, når vi justerer for kjøpekrafta. Tilgjengelegheita auka med fleire sals- og skjenkestadar. Utrekningar frå SIRUS viser at det er mellom 80 000 og 120 000 stordrikkar i Noreg i 2009.

Noreg er det land i Norden som har lågast omsetning av alkohol fordelt på innbyggjarar over 15 år, men er samtidig det land som har størst auke i omsetning dei siste 20 åra. Salsauka gjeld all typar alkohol. Grønland og Danmark har gått ned i omsetning i den same perioden.

Frå 2005 til 2010 auka tal på innleggelser i somatiske avdelingar i sjukehus med alkoholrelaterte hovud diagnosar frå 3955 til 5213 på landsbasis. Utgifter til rusrelaterte skadar innafor barnevern-, sosial- og helseteneste aukar på same tid. I ein rapport frå Folkehelseinstituttet er det gjort berekningar av kor mange barn som har ein eller to foreldre med psykiske lidningar eller som misbruket alkohol. Rapporten viser til at for 450 000 barn i Norge tilhøyrrer minst ein av foreldra den eine eller begge gruppene.

Møre og Romsdal er det fylke som har størst auke i etablering av vinmonopol. I 1992 hadde fylket 3 stk. vinmonopol og i 2011 17 stk.

#### Narkotika:

Ein fersk Kriminalitetsanalyse frå Sunnmøre politidistrikt viser til ei auke i mengd narkotikasaker på 10 % frå 2011 til 2012. Narkotikasaker utgjør 19 % av alle lovbrøt på Sunnmøre.

Kripos sin narkotikastatistikk viser at tal på narkotikasaker på nasjonal basis har auka med 6 % frå 2011 til 2012, og er det høgaste nokosinne. Aldri før har det blitt beslaglagt større mengder narkotika, og det blir beslaglagt stadig oftare fleire typar stoff i ein og same sak. Dette kan tyde på eit større blandingsmisbruk og auka eksperimentering. Bruk av ulovlege rusmiddel er likevel forholdsvis lite utbredt i befolkninga generelt, både blant vaksne og ungdom. Omfang av personer med misbruk av vanedannande legemiddel i Noreg synast større, men dette er i stor grad skjult misbruk.

PROBA Samfunnsanalyse har laga ein evalueringsrapport av MOT i ungdomsskolen, som vart ferdig i september 2011. Denne omfattande evalueringa er både ei samanlikning, og ei før- og etterundersøking. Rapporten konkluderer med at MOT har ein positiv innverknad på ungdommane sin *sjølvtilitt*, *optimisme* og *mot*. Når det gjelder elevane si oppfatning av skule- og klasse miljø, trivsel og mobbing beskyttar MOT mot dei mest negative utslaga i ungdomstida. Det er færre som mistrivast, færre som ikkje har venner, færre som opplever klasse- og skulemiljøa som dårlig, og færre som blir mobba ofte på dei skulene som har MOT-programmet som ein del av skulekvardagen.

## 4.2 Rusmiddelsituasjonen i Skodje

Skodje er ein tilflyttingskommune og så mykje som 61 % av innbyggerane er under 45 år. Talet på barn og unge i kommunen vil truleg vekse dei neste 10 åra. Denne gruppa har stort behov for kommunen sine tenester, m.a. som brukarar av helse-, skule og barnehagetilbod. Skodje kommune ønskjer å påvirke utviklinga i riktig retning, gjennom til dømes å arbeide systematisk for å utsette rusdebut.

Det er og ei auke i barnevernsaker utover det som er forventa i forhold til tal på innbyggjarar. Totalt var det 77 barn med barnevernstiltak i 2010, barneverntenesta mottok det året 83 bekymringsmeldingar. Dei same tala for 2011, viser ei auke då det er sett i gang hjelpetiltak for 92 barn, barneverntenesta mottok det året 99 bekymringsmeldingar.

Dersom ein summerer tilgjengeleg statistikk for oppvekstområdet, ligg skulane i Skodje noko under gjennomsnittleg prestasjon på landsbasis når det gjeld grunnskolepoeng. Derimot er fråfall i den vidaregåande skulen, ikkje forskjellig frå resten av landet.

Prosentdelen uføretrygda under 45 år er ikkje eintydig forskjellig frå landsgjennomsnittet og arbeidsledigheita er lågare i Skodje kommune enn elles i landet.

NAV har pr. juli 2013 19 personar som får oppfølging som følge av rusmisbruk. Psykisk helseteam har på same tid kontakt med 14 brukarar med rusrelatert problematikk. Same tal i februar 2010 var 14 og 16 brukarar.

Det er relativt få uorganiserte sosiale møteplasser i kommunen. Både eldre, barnefamiljar, ungdommar og nytilflytta etterspør fleire tilrettelagde møteplassar for auka trivsel og samhold. Ungdomsrådet arbeider for å få på plass eit sjølvorganisert aktivitetstilbod for ungdom etter at leie av lokale til ungdomsklubb vart avslutta våren 2013. Ungdomsrådet har ei bevisst haldning til rus og MOT, og har arrangert ungdomskveldar, jamlege ruskartleggingar og arrangert foredrag om rus.

Skodje kommune har vore eit Lokalsamfunn med MOT sida oktober 2010. Deltakinga inneber eit auka fokus på ungdomane sine val, mot og sjølvtilitt, både i skule og på fritida.

Tall frå politiet dei siste fire åra, visar ein auke i tal på saker med feststøy og narkotika i Skodje kommune. Tal på personar tatt for promillekjøring varierar noko frå år til år og er knytt til kontrollar gjennomført i Skodje, og relaterast ikkje nødvendigvis til busette i kommunen.

	2009	2010	2011	2012
Feststøy	2	2	5	6
Promillekjøring	8	5	8	4
Narkotika	4	5	6	7

## 4.3 Oversikt over sal av alkohol i kommunen

SAL AV ØL (LITER)	2007	2008	2009	2010	2011	2012
Coop Prix	54 269	57 154	52 343	54 614	49 601	47 507
Johs Vadset AS/ KIWI Skodje	32 071	41 224	40 192	41 983	38 029	36 991
Toscana Café og Restaurant AS	Ikkje oversikt	1 600	958	593	413	434
Golfkroa	845	745	544	297	Ingen aktivitet	
Storfjord Hotell AS	10	48	16	85	124	159

SAL AV VIN (LITER)	2007	2008	2009	2010	2011	2012
Toscana Café og Restaurant AS	Ikkje oversikt	Ikkje oversikt	116,25	60	84	79
Golfkroa	280	221	148	136	Ingen aktivitet	
Storfjord Hotell AS	20	265	518	205	265	481

SAL AV BRENNEVIN (LITER)	2007	2008	2009	2010	2011	2012
Storfjord hotel	3	5	45	9	2,7	24
Golfkroa				12	Ingen aktivitet	

	2007	2008	2009	2010	2011	2012
Antall ambulerande skjenkeløyver + einskildhøve	6	19	21	18	16	15

## 5 EVALUERING AV GJELDANDE PLAN.

---

Hovudfokus i gjeldande planperiode har vore å styrke dei faktorane som skjermar barn og unge mot skader og belastningar knytt til eige eller andre sin bruk av rusmiddel.

Ruspolitisk handlingsplan (2011-2012) har hatt tre fokusområder; førebyggjande tiltak, regulering av sal av alkohol og oppfølging av rusmisbrukarar.

Foreldrenettverket er kanskje det tiltak i planperioden som har hatt størst behov for samordning, engasjert flest tilsette og innbyggjarar - og har fått stor gjennomslagskraft.

I planperioden har kommunen fått tilskot frå Fylkesmann til å auke rusfagleg kompetanse, tilsette miljøterapeut innanfor rusfeltet og opparbeide samarbeid med Frisklivssentralen. Oppfølging av rusmisbrukarar gjennom viktige tiltak, som til dømes oppfølging i bustadar, er ikkje på plass.

Kommunen har utvida MOT-samarbeidet og blitt eit lokalsamfunn med MOT. Dette har vist seg å mobilisere breitt haldningsskapende arbeid, også utover skuletid. Kartlegging viser at lærarar og elevar i 10. trinn i 2011 opplevde at MOT bidreg positivt til klassemiljø og har god effekt. Av ein maksimal score på 7 ligg resultatata på eit snitt på 6 for lærarar og 5,75 for elevar.

Ruspolitisk handlingsplan 2011-2012 har fungert som eit godt styringsverktøy for det førebyggjande arbeidet i Skodje kommune, og mange av tiltaka frå handlingsplan er blitt gjennomført i planperioden. Det er viktig å halde fast på dei gode tiltaka som no er implementert i drifta av dei ulike kommunale tenestene, som skule osv.

## 6 OPPFØLGING OG REHABILITERING AV RUSMISBRUKARAR

---

Rusproblematikk skuldast ofte multifaktorielle årsaka, noko som krev ei omfattande og heilskapleg oppfølging. Det kommunale hjelpeapparatet må difor i stor utstrekning arbeide tverrfagleg.

I Skodje kommune gir NAV, psykiatriske sjukepleiarar og fastlege, eit tilbod for rusmisbrukarar i form av bl.a. samtalar, medisinerer, gjeldssanering og arbeidstilpassing. I dag har nokre brukarar ein Individuell Plan (IP), mens fleire har ei ansvarsgruppe rundt seg. Bruk av IP vil sannsynlegvis føre til betre samhandling, større effektivitet og meir målretta behandling. Det er for tida månadlege møter mellom psykiatriske sjukepleiarar og ruskonsulent i NAV. Kommunen har og faste møter med Sjøholt Distriktpsikiatriske senter. Vestmo behandlingssenter tar kontakt i konkrete saker. For mange rusmisbrukarar er bustadsituasjonen svært prekær, og mellombels løysingar gjer livssituasjonen ustabil. For å komme i behandling på institusjon blir det sett krav om at vedkommende har bustad. Her har kommunen eit ansvar. Dersom rusmisbrukarar får hjelp med dei ytre rammene tidleg, er det større sjans for at vedkommende kjem seg ut av misbruket.

Mål og tiltak for oppfølging og rehabilitering av rusmisbrukarar må utgjere ein del av kommunal omsorgsplan, og blir ikkje teke med i denne rulleringa av Ruspolitisk handlingsplan.

## 7 MÅL OG STRATEGIAR

---

Overordna nasjonalt mål for ruspolitikken er å redusere dei negative følgjene som rusmiddelmisbruk har for enkeltpersonar og for samfunnet.

Overordna mål for Skodje kommune:

Ruspolitikken i Skodje kommune skal bidra til å skape eit trygt og utviklande oppvekst-, bu- og arbeidsmiljø.



Målsetjinga skal nåast ved at Skodje kommune har :

1. Rusfrie arenaer rundt barn og ungdom.
2. Oversikt over ungdomane sine rusvanar og trivsel
3. Vaksne som er bevisste sitt ansvar som rollemodellar
4. Ei tydeleg og synleg haldning til rus i arbeidslivet

---

## 8 TILTAK

---

### 8.1 Regulering av sal av alkohol - håndheving av alkohollova

Skodje kommune vil føre ein ansvarleg løyvepolitikk som reduserer dei skadeverkande konsekvensar på individ og samfunn som alkoholbruk kan medføre.

Det er normalt ikkje krav om løyve ved reinte private arrangement som bryllaup, fødselsdagselskap eller andre jubileum så sant det ikkje blir tatt betaling for drikke.

Skodje kommune set ikkje tak på talet på løyver, men målet er at talet skal haldast på eit låg nivå.

Det skal ikkje serverast alkohol i kommunal regi.

Det skal ikkje gjevast skjenkeløyve ved arrangement som er opne for barn og unge under 18 år.

Kommunen kan tildele tre slags skjenkeløyve: Permanent skjenkeløyve, løyve for eit bestemt høve og ambulerande skjenkeløyve.

- **Permanent skjenkeløyve.**

Det skal ikkje givast permanent skjenkeløyve for serveringsstader i tilknytning til idrettsanlegg, i idrettshall og liknande anlegg i nærleiken av skular og barnehagar. Det skal ikkje givast skjenkerett ved idrettsarrangement i nærleiken av skular og barnehagar. Løyveperioden er fire år og følgjer kommunestyreperioden. Kommunalt løyve går ut seinast 30. juni året etter at nytt kommunestyre tiltrer, jf. Alkohollova § 1-6.

- **Løyve for eit bestemt høve, eventuelt ein bestemt del av året.**

Gjeld for opne arrangement som til dømes festivalar og dansetilstellingar. Skjenkeløyve for eit enkelt høve i lokale i tilknytning til idrettsanlegg, skular og barnehagar kan bli gitt etter ei konkret vurdering. Dersom det i statuttane for huset er forbod mot alkoholservering kan løyve ikkje givast. Det kan berre bli gitt løyve til skjenking av øl og vin.

- **Ambulerande skjenkeløyve** gjeld skjenking til slutta selskap og er ikkje knytt til ein bestemt person eller skjenkestad.

### Handsaming av søknad og vilkår for sals- og skjenkeløyve

Søknader om sals- og skjenkeløyve for alkohol skal handsamast i samsvar med heile handlingsplanen, slik at Skodje kommune får ein heilskapleg rusmiddelpolitikk. Kvar søknad om sals- eller skjenkeløyve skal vurderast konkret.

Skodje kommune kan nekte å gi sals- eller skjenkeløyve på grunnlag av negativ uttale frå politiet om søkjaren sin vandel, når forholdet har samanheng med alkohollova eller anna lovgiving som har samanheng med alkohollova sitt føremål, eller frå skatte- og avgiftsmynde om vandel i forhold til denne lovgivinga.

Ved tildeling av løyve skal det leggjast vekt på skjenkelokalet si plassering, storleik og om lokalet er eigna, samt målgruppe for verksemda. Det skal også kunne leggjast vekt på negativ erfaring med tidlegare driftsform, om lokalet er eigna, problem med orden og trafikk, og omsynet til lokalmiljøet elles. Ved tildeling og fornying av løyve skal det leggjast vekt på om søkjaren er eigna til å ha sal eller skjenkeløyve. Det kan takast omsyn til tidlegare dårleg erfaring med søkjaren si utøving av løyve i form av mellom anna:

- brot på vilkår som er sett for løyvet
- brot på skjenke- eller aldersføresegner
- endring av driftskonsept utan godkjenning
- klandreverdig ordensforhold ved serveringsstaden
- brot på reklameføresegner

Endring som gjeld vandel til søkjaren skal det kunne leggjast vekt på ved fornying.

Innføring av aldersgrense på einskilde arrangement blir vurdert individuelt og kan setjast som vilkår for skjenkeløyve. På stader der driftskonseptet kan være forskjellig på dag og kveldstid kan det være aktuelt å innføre aldersgrense berre om kvelden.

Internkontrollrutinane skal ligge ved søknaden og skal være et vilkår for å få permanent sals- eller skjenkeløyve. Likeså er det eit krav om gjennomgått kunnskapsprøve og kurs for ansvarleg vertskap. Styrar og stedfortredar må ha dokumenterte kunnskapar om alkohollova og reglar gitt i medhald av den. Kravet er oppfylt ved bestått kunnskapsprøve. Administrasjonen arrangerer kunnskapsprøve etter alkohollova ved behov. Kravet om dokumenterte kunnskapar må vere oppfylt før styrar og stedfortredar kan bli godkjende i verksemd som søker om løyve etter 1. juli 1999.

Skodje kommune skal informere alle eigarar av forsamlingslokale om lova sine krav i samband med gjevne løyve.

### Sals- og skjenketider i henhold til alkoholloven

Sal og utlevering av øl kan skje til følgjande tider:

- Måndag - fredag kl. 08.00 - 20.00
- Dagar før søn- og helligdag (unntatt dagen før Kristi Himmelfartsdag) kl. 08.00 - 18.00

Sal og utlevering av øl skal ikkje skje på søn- og helgedagar, 1. og 17. mai og på stemmedagen for stortingsval, fylkestingsval, kommunestyreval og folkeavstemming vedteke ved lov, jfr. Alkohollova § 3-7 tredje ledd.

Skjenking av øl og vin *kan* skje frå kl. 08.00 til kl. 01.00 og skjenking av brennevin (22%volum eller mer) *kan* skje frå kl.13.00 til kl.24.00. Kommunestyret kan utvide eller innskrenke skjenketida, men det er forbode å skjenke øl og vin mellom kl.03.00-06.00 og alkoholhaldig drikk med 22 volum% eller meir mellom kl. 03.00-13.00 (alkohollova §4-4)

Konsum av skjenkt alkoholhaldig drikk må opphøyra seinast 30 minuttar etter utløp av skjenketida.

### Gebyr

Kommunen vil følgje satsane i lova og forskrifta for innkrevjing av gebyr, jfr. Forskrifta § 6-2.

Gebyret for permanente løyver blir fastsett for eit år av gongen og for kvart enkelt løyve på grunnlag av forventa omsett mengde alkoholhaldig drikk.

For bevilling som gjeld skjenking ved ei einskild bestemt anledning og ambulerande bevilling kan kommunen krevje eit gebyr på kr. 250,- pr. gong, jfr. Forskrifta § 6-2.

Gebyret skal nyttast til å syte for kontroll med at alkoholomsetjinga i Skodje kommune er i samsvar med lova, og til rusførebyggjande tiltak.

Rapportering på salg skal sendast Skodje kommune seinast 30.juni for føregåande år.

### Kontroll

Formannskapet er Skodje kommune sitt kontrollutval etter alkohollova § 1-9. Funksjonstida følgjer kommunestyreperioden. Som kontrollutval har formannskapet ansvar for kontrollen med kommunalt skjenkeløyve, salsløyve for øl og skjenkeløyve gitt av departementet etter alkohollova § 1-9.

Formannskapet skal gje uttale i samband med inndraging av løyve.

Det skal førast kontroll med alkoholomsetjinga i Skodje kommune. Kvar sals- og skjenkestad skal kontrollerast minst ein gong kvart år, og det skal utførast minst tre gongar så mange kontrollar som det er sals- og skjenkestader, jfr. Forskrift § 9-7.

Kontroll av sals- og skjenkestader skal gjerast av engasjert kontrollør. Formannskapet har i møte 05.05.98 sak 98/33 vedteke å engasjere Securitas til å stå for naudsynt kontroll etter forskrift § 9.1. Kontrollørane utarbeider skriftleg rapport om kontrollbesøka. Det skal leverast ein samla årsrapport frå kontrollør.

### Delegasjon

Ansvar i høve til alkohollova vert fordelt slik:

#### **c. Kommunestyret**

- Vedta alkoholpolitisk handlingsplan, jfr. Alkohollova § 1-7d
- Tildeling av sals- og skjenkeløyve for ein 4 års periode, jfr. Alkohollova § 1-6

#### **b. Formannskapet**

- Inndraging av sals- og skjenkeløyve i samband med brot på alkohollova, jfr. Alkohollova § 1-8
- Permanent utviding av sal og skjenkeområde (vesentleg utviding)

#### **c. Rådmannen**

- Skifte av styrar og vikar for styrar, jfr. Alkohollova § 1-7c
- Tildeling av løyve for eit enkelt høve, jfr. Alkohollova § 1-6
- Tildeling av ambulerande skjenkeløyve, jfr. Alkohollova § 4-5
- Utviding av skjenketida for eit enkelt høve, jfr. Alkohollova § 4-4
- Utviding og flytting av skjenkelokalet for eit enkelt høve, jfr. Alkohollova §4-2

## 8.2 Temaplanen sitt innspel til budsjett og økonomiplanprosess

SATSINGSOMRÅDE	TILTAK/VERKEMIDDEL	Konsekvensar for driftsbudsjett	Konsekvensar for investeringsbudsjett	Iverksetjing innanfor ordinær driftsramme
Barn og unge	Vidareføre Team for Tidleg Tverrfagleg Innsats (TTI-team) på barnehagane i kommunen.			X
Barn og unge	Vidareføre Skulehelseteam på skulene i kommunen			X
Barn og unge	Vidareføre Foreldrenettverket på skulene i kommunen			X
Barn og unge	Vidareføre tilbod om samtalegruppe til Barn av psykisk sjuke og rusmisbrukarar (BAP-gruppe), og utvikling i eige kommune. Ansvar: Einingsleiar Barnevern Tidsperpektiv: 2015			X
Barn og unge	Tilbod med oppfølging i kveldar og helgar til barn i familiar med rusproblematikk, for eksempel gjennom eit ambulerande team. Ansvar: Rådmann Tidsperpektiv: 2015	X		
Barn og unge	Miljøterapeut/barne- og ungdomsarbeidar i ungdomsskulen Ansvar: Rådmann Tidsperspektiv: 2014	X		
Barn og unge	Ruskontrakt med ungdomsskuleelevar Ansvar: Kommunestyret Tidsperspektiv: 2015	X		
Barn og unge	Halde fram med tilbod innafor kultur og idrett, med fokus på meistring og trivsel, for eksempel gjennom å dele ut stimuleringsmidlar til lag og organisasjonar Ansvar: Kultursjef Tidsperspektiv: Årleg			X
Barn og unge	Fleire fellesarenaer for barn og vaksne (t.d. TRIAL) Ansvar: Lag og organisasjonar saman med kultursjef, og andre kommunale einingar Tidsperspektiv: Årleg			X
Barn og unge	Nye tilbod til unge som faller utanfor dagens aktivitetstilbod			X

	<p>Ansvar: Kultursjef</p> <p>Tidsperspektiv: Årleg</p>			
Barn og unge	<p>Stimulere dugnadsånda; gjennom for eksempel å fortsette med eldsjel- og kulturpris</p> <p>Ansvar: Kultursjef</p> <p>Tidsperspektiv: Årleg</p>			X
Barn og unge	<p>Legge til rette for nye uformelle møteplassar; for eksempel gjennom en ungdomscafe der ungdom kan møtast for å gjere lekser og være saman.</p> <p>Ansvar: Alle</p> <p>Tidsperspektiv: Årleg</p>			X
Barn og unge	<p>Kunne tilby passande lokale til ulike aktivitetar (t.d. øvingslokale til orkester/band).</p> <p>Ansvar: Kultursjef i samarbeid med teknisk sjef og det frivillige</p> <p>Tidsperspektiv: Årleg</p>			X
Barn og unge	<p>Gjennomføre UNGdata undersøking kvart 3.år</p> <p>Ansvar: Barnerepresentant</p> <p>Tidsperspektiv: 2014</p>			X
Barn og unge + Vaksne	<p>Opprette Frivilligsentral</p> <p>Ansvar: Rådmann/Kommunestyre</p> <p>Tidsperspektiv: 2015</p>	X		
Vaksne	<p>Haldningsskapande foreldremøte saman med barnevakten.no</p> <p>Ansvar: SLT-koordinator</p> <p>Tidsperspektiv: Årleg</p>	X		
Vaksne	<p>Årshjul for politisk handsaming av alkohollova</p> <p>Ansvar: Rådmann</p> <p>Tidsperspektiv: 2014</p>			X
Vaksne	<p>Felles foreldrerreglar (hente barna, aldersgrense på alkohol etc.) presentert og drøfta på foreldremøte i skulen og på fritiden.</p> <p>Ansvar: SLT-koordinator. Einingsleiar ungdomsskulen.</p> <p>Tidsperspektiv: 2014</p>			X
Vaksne	<p>Forpliktande foreldrefellesskap for å betre kontakta mellom foreldre til jevnaldrende barn.</p> <p>Ansvar: Einingsleiarar i barne- og ungdomsskulen</p> <p>Tidsperspektiv: Årleg</p>			X
Vaksne	<p>Ta kontakt med nyleg innflytta og fortelle om kommunen, MOT, aktivitetstilbod. Gjerne verve dei til å være tilsynsvakter, natteravner, ta styreverv etc.</p> <p>Ansvar: Rådmann og Ordførar</p> <p>Tidsperspektiv: Årleg</p>			X

Arbeidsliv	Retningslinjer på kommunale arbeidsplassar om rus/misbruk/alkohol på sosiale arenaer Ansvar: Rådmann/Personalsjef Tidsperspektiv: 2014			X
Arbeidsliv	Kompetansetiltak om rusførebygging for verneomboda Ansvar: Rådmann/Personalsjef Tidsperspektiv: 2014			X
Arbeidsliv	AKAN-kontakter på kommunale arbeidsplassar Ansvar: Rådmann/Personalsjef Tidsperspektiv: 2014			X

---

## 9 KJELDER

---

- Informasjon frå Borgestadklinikken (<http://www.borgestadklinikken.no>)
- SIRUS: Statens institutt for rusmiddelforskning (<http://www.statistikk.sirus.no>)
- Stortingsmelding 30 (2011-2012) «Se meg! - en helhetlig rusmiddelpolitikk - alkohol, narkotika, doping» (<http://www.regjeringen.no/nb/dep/hod/dok/regpubl/stmeld/2011-2012/meld-st-30-20112012.html?id=686014>)
- PROBA Samfunnsanalyse (<http://www.proba.no>)
- [www.akan.no](http://www.akan.no)
- Nesvåg, S. M. (2005): *Alkohol kulturer i norsk arbeidsliv*. "You could be yourself but where`s the Comfort in that". Department of psychology. Faculty of Social Sciences. Universitetet i Oslo